

Arkiv: FA-K20
JournalpostID: <jplD> 20/9575
Saksbehandlar:
Dato: 20.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
015/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.03.2020
	Alver kommunestyre	

Medlemskap Klimapartner Vestland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert av Næringsfondet i 2020 og innarbeidast i driftsbudsjettet frå 2021.

Utval for næringsutvikling og drift 11.03.2020:

Behandling:

Nina Stabell Øvreås (Frp) sette fram følgjande endringsframlegg:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert via driftsbudsjettet.

I ei prøverøysting vart røystetalet 3-3.

Ved endeleg røysting vart framlegget frå Nina Stabell Øvreås samrøystes vedteke.

ND- 015/20 Vedtak:

Alver kommune søker medlemskap i Klimapartner Vestland. Medlemskontingenten på 50.000 kr blir finansiert via driftsbudsjettet.

Polifisk handsaming

Saka skal til innstilling i Utval for næringsutvikling og drift.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Klimapartnerne (www.klimapartnerne.no) er eit offentleg-privat samarbeid som formidlar klimakunnskap, utviklar og fremjar grøne forretningsidear, skaper møteplassar for klimadebatt, og samhandlar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Klimapartnerane jobber for å redusere eigne klimagassutslepp og jobber saman for grøn samfunns- og næringsutvikling.

Klimapartnerar samlar private bedrifter, akademia, organisasjoar og sentrale offentlege aktørar i eit fellesskap for å nå klimamål.

Klimapartnerne vil bidra til å:

- Skape effektive møteplassar for dialog, samarbeid og læring på tvers av bransjar, sektorar og fag
- Innhente og samanstillle data til klimarekneskap

- Auke kunnskap om grøn forretningsutvikling og klimarisiko
- Vere ein koblingsboks for problemløysing og bidra til etablering av fyrårnprosjekt i og mellom verksemder
- Klimapartnere kan vise til svært gode resultat for utsleppsreduksjon gjennom klimarekneskap og gjennom våre partnarar sine grøne forretningsidear og beste praksis.

Dei som skriv partnaravtale med Klimapartnere, må forplikte seg til å jobbe for å redusere eigne klimagassutslepp og jobbe saman for grøn samfunns- og næringsutvikling. Klimapartnere er eit partnaraskap mellom akademia, offentlege og private verksemder.

Inngåing av partnaravtale forpliktar medlemmar til å:

- Forankre klimaarbeidet i toppleiinga
- Arbeide systematisk med miljøstyring
- Gjennomføre årleg klimarekneskap
- Oppnå miljøsertifisering
- Betale årleg kontingent

I tillegg utfordrar vi alle klimapartnarar til å:

- Bli fossilfri innan 2030 (direkte klimautslepp/ikkje kvotepliktig sektor)
- Forankre forståing av klimarisiko og grøne mulegheiter i leiinga i verksemda
- Etablere minst eitt spydspissprosjekt for å redusere klimautslepp og sikre grøn næringsutvikling

Klimarekneskap

Offentleg sektor møter stadig nye krav om dokumentasjon av sin prestasjon og sitt arbeid knytt til miljø og klima. Klimapartner Vestland krev at alle medlemmar gjennomfører årleg klimarekneskap. Eit klimarekneskap er utleia av data ein allereie sit på, slik som for eksempel energiforbruket, avfallsdata, direkte utslepp og transport. Det er dermed ikkje nødvendigvis så omfattande å lage ei oversikt over dette, men vil vere eit viktig verktøy for å bevisstgjere vår eigen organisasjon på den totale klimabelastninga, og kvar det er nødvendig å setje inn tiltak for å vite kvar ein kan få størst effekt av å redusere sitt klimafotavtrykk.

Alver kommune representerer i dag Norges største CO₂-utslepp (Mongstad, kvotepliktig sektor). I eit klimarekneskap så er det ikkje kvotepliktig CO₂-utslepp ein skal rekne på, i bedrifta/organisasjonen. Alver kommune har som ein offentleg aktør eit særskilt ansvar med å redusere CO₂-utslepp. Eit klima- og miljørekneskap vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vite kvar kommunen bør setje inn tiltak som kan gi størst reduksjon av CO₂-utslepp i kommunen.

KPV har laga ein beste praksis for utrekning av miljørekneskap gjennom bruk av rapporteringsprotokollen GHG. Her vil Alver kommune kunne hente kompetanse og erfaring til å kome i gang med eit klimarekneskap. Klimapartnere utarbeider klimarekneskap i samsvar med GHG-protokollen, med inndeling av utslepp i tre kategoriar; direkte utslepp (Scope 1), indirekte utslepp frå energiforsyning (Scope 2) og indirekte utslepp knytt til kjøp av andre varer og tenester (Scope 3).

Alver kommune bør ha som intensjon å få utarbeide eit klimarekneskap i samsvar med GHG Protokollen på konsernivå innan rekneskapsåret 2022. Alver kommune bør søkje ekstern finansiering for å dekke utviklingskostnader for oppstart av arbeidet og at årlege driftskostnader blir innarbeidd i driftsbudsjett frå 2023.

Vedlegg:

<https://klimapartnere.no/klimaregnskap/vestland>

<https://klimapartnere.no/metode-for-klimaregnskap/>